

## Reguleringsføresegner

Området regulerast til:  
Landbruksområde  
Byggeområde hytter  
Veg / trafikkområde  
Område for kommunalteknisk verksemd

§1  
Føresegnene gjeld for det område som er visa med reguleringsgrense på plankartet.

§2  
Hyttene skal ha maks. 100m<sup>2</sup> BYA (bygd areal )  
Bygningane skal ha saltak. 1 etg. ståande kledning eller lafta tømmer, gesimshøgde maks. 3m  
mønehøgde maks. 5.5 m. målt frå terrenget.  
Det kan førast opp 1 uthus maks 20m<sup>2</sup>. I tilknytning til hovedhuset (danne tun)  
Bygningen skal ha saltak med maks. gesimshøgde 2,5m. og maks. mønehøgde 4.5 m.  
Taktekking, torv eller tre. naturvenlege fargar.  
Står hyttene på pilarar skal det gjerdast mellom desse p.g.a. sau og andre dyr.  
Det kan ikkje settast opp gjerde.

§3  
Det skal opparbeidast veg, 3 m. brei og høvleg med parkeringsplassar, i alt 2 plassar pr. hytteeining. Landbruksområde skal nyttast til tradisjonelt jord- og skogbruk. Område for komm. tekniskverksemd skal brukast til søppeibu/kontainer.

§4  
Eksisterande terreng og vegetasjon skal takast vare på så langt rå er.

§5  
Hyttene kan ha middels sanitær standard. Det kan leggjast inn vatn med reinseanlegg for gråvatn. Toalettet skal vera bioto. Vatn kan fyrst leggjast inn i hyttene etter at kommunen har gjeve utsleppsløyve.

§6  
Hushaldsavfall skal leverast i tilvisa avfallskontainer.

§7  
Starumforsyning ,tel. o.a. leggjast i jordkabel.

§8  
Etter at planen med føresegner er vedteken kan det ikkje opprettast privatrettslege avtaler som er i strid med denne.